


*Mor
Godhjertas
glade versjon.
Ja*

Ein fornyar av norsk lyrikk



Diktaren Jan Erik Vold. Foto:
Olav Olsen / Aftenposten /
Scanpix

sin har han vore ei kritisk røyst. Vietnamkrigen, politivald, utviklinga av det norske sosialdemokratiet, høgredreiinga i landet og byutviklinga i Oslo er tema som har provosert og forarga både lyrikaren

☞ **Jan Erik Vold** (1939–) er fødd i Oslo, men har i store delar av det vaksne livet sitt budd i Stockholm. Bustaden har likevel ikkje hindra han i å delta i den norske samfunnsdebatten. Gjennom heile forfattarskapen



og debattanten Vold. Særleg kjend er han for engasjementet for å ta vare på gamle Bislett stadion og trikken i Oslo. Som forfattar har han leika med, og utfordra, oppfatninga av *kva* ein kan dikte om, og *korleis* ein kan skrive eit dikt.

Mellom speil og speil

☛ Jan Erik Vold er ein svært produktiv forfattar. Som lyrikar debuterte han i 1965 med diktsamlinga *mellom speil og speil*, ei diktsamling han fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for. Eit gjennomgåande tema i denne samlinga er at mennesket er innesperra i språket og tviler på om verda der ute eksisterer. Dikta er til tider klaustrofobiske. Den einaste redninga er kjærleiken til «den andre» – ein venn, ein elska person.

☛ I 1966 kom diktsamlinga *HEKT*. Mange av dikta har eit konkret og kvar-dagsleg motiv, dei er knappe, språket er



Jan Erik Vold mottok Tarjei Vesaas' debutantpris i 1965.
Foto: NTB / Scanpix

talemålsnært, og forfattaren er merksam på det grafiske oppsettet av dikta. I *Blikket* (1966) er eksperimenteringa med det grafiske oppsettet gjort til ei hovudsak.

☛ I 1967 gav Vold ut si første prosabok, *frå rom til rom SAD*. Tekstane varslar ein ny modernisme, også i prosaen. Vold leikar og eksperimenterer, han skriv om tinga vi omgir oss med, og om menneske som prøver å orientere seg i ei verd «i tingenes vold». Denne kortprosaen fører han vidare i *BusteR brenneR* (1976).

☛ Diktsamlingar som *spor, snø* (1970), *Bok 8: LIV* (1973), *S* (1978) og *sirkel sirkel* (1979) er tydeleg inspirerte både av haikudikting – ei tradisjonell japansk diktform – og zenbuddhisme. Dikta er no korte og enkle i forma, nesten meditative i utforming. Vold krinsar her rundt omgrep som «ingenting» og «intet» – og andre omgrep som gir assosiasjonar til austleg filosofi og religion.

Mor Godhjertas glade versjon. Ja

«trikkeskinnene, de binder ikke byen fast»

☞ Med *Mor Godhjertas glade versjon. Ja* (1968) fekk Jan Erik Vold ei større gruppe lesarar enn dei fleste poetar kan drøyme om. Med over 20 000 selde bøker har samlinga treft eit stort publikum. Det er også her mange av dei mest kjende dikta til Vold står, for eksempel «Trikkeskinnediktet», «Funny», «Tale for loffen» og «Bildet stanser på Barkåker-diktet». Dikta er prega av leikelyst, overskott og openheit.

☞ Samlinga har eit sjølvbiografisk preg. Det lyriske eg-et i samlinga er Jan Erik Vold. Han skriv om byen og bydelen han elsker – Oslo og Briskeby. Han namngir

venner og kjende; Kjell (Askildsen), Halldis og Tarjei (Vesaas) og Georg (Johannesen) – og gir opp adressene og telefonnummera deira. Poeten nektar seg lite, da idealet er å skape eit truverdig og autentisk miljø.

☞ Vold skriv også om kvinner han har møtt, bøker han har lest, reiser han har gjort, og han skriv om døden. Og ikkje minst – han skriv om loffen, trikken, vondt i ryggen, vinmonopolet, ein morgondukkert – ja, om det konkrete og nære livet i all si sanslege prakt. Det heile kan verke kvardagsleg, nesten barnleg konkret – men innimellom sparkar han til pengefolk og politikarmakt. Særlig kritisk er han til byutviklinga i Oslo.

☞ Fleire av dikta til Vold er *meta-poetiske*, det vil seie at diktet tematiserer dikteprosessen. I diktet «Min nye blå dyne» skriv han:

*Min nye blå dyne
fortjener et dikt ja
så varm så stor så
lyseblå (...)*

☞ Opninga på «Trikkeskinnediktet» kan lesast som ein *poetikk*, det vil seie ein teori om korleis ein *bør* skrive dikt. Diktaren går ut, ut i verda, observerer, deltek – ja, lever – og skriv om livet som blir levd:

🔊 *Tenkte jeg skulle skrive et dikt
om trikkeskinner.*

Engang begynte jeg på ett:

*Byen ligger bundet
i sitt nett av trikkeskinner
– kom ikke lenger.*

*Gå ut og se på trikkeskinnene, de binder ikke
byen fast, de ligger nedfelt i gaten
med brostein solidarisk på begge sider, gå ut.*



*Diktaren Jan Erik Vold og Briskebytrikken i 1975.
Foto: Stig Næss / VG / Scanpix*

Språk og form

☛ Diktsamlinga er delt inn i seks delar. Kvar del inneheld frå sju til 32 dikt. Vold bruker svært sjeldan fast rim og rytme; han varierer mellom å skrive korte dikt i fri form, dikt med to og to eller fire og fire verselinjer i kvar strofe, og lange – nærmast prosaaktige og forteljande parti. Språket er munnleg og lite høgstemt. Og med unntak av den delen som blir kalla *Byen H*, er tekstane veldig konkrete og inneheld få bilete som krev tolking. I fleire av dikta blir lesaren presentert for fleire versjonar, og forfattaren reviderer sitt eige dikt i diktet. Eit eksempel er «Tale for loffen»:

*Jeg vil holde en tale
for de tykke og smale – nei
det vil jeg ikke, jeg vil snakke
om loffen, vår alles venn i brødveien (...).*

Mor Godhjertas *glade* versjon – ikkje den triste ...

☛ På første side i diktsamlinga står det skrive «Til mor fra Jan Erik», med handskrift, noko som gjer at lesaren i første omgang kan få assosiasjonar til at dette er ei gåve frå Jan Erik til mora. Ein nærliggjande tanke er da også at det er mor hans som er Mor Godhjerta. Kva tyder det da at dette er hennar *glade* versjon – og ikkje den triste?

☛ Ved fleire høve har Vold uttrykt at diktsamlinga i stor grad handlar om faren hans, som døyde året før diktsamlinga kom ut. Er dette ein glad versjon, meint for trøyst? Ein versjon som viser at livet er mangfaldig og rikt? I alle fall – indirekte seier tittelen noko om at det finst ein annan versjon også, men dette er altså den *glade* versjonen.

Døden, kjærleiken og pengemakta



Jan Erik Vold med diktsamlinga «Tolv meditasjoner».
Foto: Bjørn Aslaksen / VG / Scanpix

☛ På 80-talet syner Vold seg som ein meir «moden» forfattar, oppteken av sentrallyriske emne som kjærleik, det for-gjengelege, sorg og sagn. *Sorgen. Sangen. Veien* (1987) inneheld også politiske dikt. Vold er kritisk til pengemakt, maktper-sonar og autoritære regime. I *Elg* (1989),

som er ei samling med tidlegare skrivne tekstar gitt ut på plate eller trykt i aviser, ser ein meir av den politisk og sosialt engasjerte Vold. Her skriv han om politi-vald, hushaiar og Oslo byråd.

☛ Den meir samfunnsengasjerte dik-taren ser vi meir av på 90-talet. *IKKE. Skillingstrykk fra nittitallet* (1993) og *Kalenderdikt* (1995) inneheld mange politiske og samtidssatiriske dikt. *En sirkel is* (1994) er tekstar Jan Erik Vold skreiv til Norges Skøyteforbunds hundre-årsjubileum i 1993, som i utvida versjon er gitte ut som ei lyrikksamling. I dei siste diktsamlingane hans, *Tolv meditasjoner* (2002), *Drømmemakeren sa* (2004) og *Diktet minner om verden* (2005) finn ein både politiske dikt, eksistensielle dikt og dikt om den konkrete og nære kvardagen og røyndommen vår.

Her. Her i denne verden

☛ Vold er kjent som ein særeigen essayist. I ulike tekstar om eigen og andres litteratur har han vore med å setje preg på norsk litteraturhistorie. I perioden 1970–74 var han medredaktør for litteraturtidsskriftet *Vinduet*. Vold har mellom anna gjendikta forfattarar som Tomas Tranströmer, Samuel Beckett og Bob Dylan. I tillegg har han skrive bøker om forfattarar som Gunvor Hofmo, Cornelis Vreeswijk, Olav H. Hauge og Johan Borgen, og han har samla og redigert tekstar av forfattarar som har vore i ferd med å bli gløynde. For arbeid som formidlar av andres tekstar vart han utnemnd til æresdoktor ved Universitetet i Oslo i 2000.

☛ Både som forfattar, litteraturformidlar og samfunnsdebattant har Vold ei karakteristisk og lett gjenkjenneleg røyst – all-

tid trufast mot tanken om at ein forfattar er eit menneske som er engasjert i verda.



Foto: Morten Uglum / Aftenposten / Scanpix

Det er ikkje noko tilfelle at ei essaysamling av Vold frå 1984 fekk tittelen *Her. Her i denne verden* (1984).

☛ Han har skrive dikt om USA og Israel, komme med kritiske utsegner

om norsk politikk – og norske politiske parti – og han har vore kritisk til korleis Noreg behandla jødane under andre verdskrigen. Politisk har han heile tida stått på venstresida, og han har kjempa mot byråkrati og maktelite.

Enkelt og kvardagsleg

☛ Da Vold i 1968 gav ut *Mor Godhjer-
tas glade versjon*. Ja var han ein del av
den såkalla *Profil*-krinsen. *Profil* var eit
litteraturtidsskrift som vart gitt ut av ei
gruppe samfunnskritiske og radikale for-
fattarar og studentar ved Universitetet i
Oslo frå midten av 1960-talet. Saman med
andre *Profil*-forfattarar som Dag Solstad
(1941–), Espen Haavardsholm (1945–),
Liv Køltzow (1945–) og Einar Økland
(1940–) var Vold med på å fornye synet
på korleis litteratur skulle skrivast og kva
han skal handle om.

☛ Felles for Vold og dei andre lyrikarane
i *Profil*-krinsen var opposisjonen deira
mot den tradisjonelle etterkrigsmoder-
nismen. Dei meinte han var for innover-
vend og alvorleg, og tyngd av komplekse
symbol og metaforar. Lyrikk skal ikkje



Profil-forfattarane i tv-studio. Du kan lære meir om Jan
Erik Vold og denne tida på NRK Skole

vere for «eliten», hevda dei, men for folk
flest. Og dikteren er ikkje eit visjonært
geni, men eit menneske som er engasjert i
det samfunnet han eller ho er ein del av.

☛ Vold og dei andre *Profil*-forfattarane
ønskte seg, og lanserte, ei ny form for
modernisme – *Profil*-modernismen eller
nyenkel dikting. Formmessig var dei
inspirerte av mellom anna den stramme

og ordknappe forma til haiku-dikta. I tema og motiv var dei påverka av eksistensialismen. Grunntanken om at det vi har, er livet her og no, utan forsikringar om eit evig liv etter dette, skapte dikt med kvardagslege og konkrete motiv. Språkleg lét dei seg inspirere av kvardagsspråk, munnleg sjargong, poptekstar og reklamespråk.



Tinga rundt deg – ikkje sorga inni deg

☛ Vold skreiv dikt om trikkeskinner og loff, der lesaren ikkje må leite etter ei djupare meining bak dei språklege bileta i diktet. Faktisk treng ikkje eit dikt innehalde språklege bilete i det heile. Skriv ein «Tale for loffen», kan diktet faktisk handle om loffen – og korleis han luktar og smakar. Vold skjønmmålar eller opphøgjer ikkje røyndommen. Han skriv om røyndommen på ein jordnær og realistisk måte, slik han artar seg for dei fleste av oss.

☛ Vold er kritisk til den tradisjonelle eg-dyrkinga i lyrikken. Han har sjølv sagt at han meiner lyrikarar bør interessere seg meir for tinga rundt seg enn for sorga inni seg. Eg-et er likevel tydeleg til stades også i mange av dikta til Vold, men da

som observatør av tilsynelatande ganske trivielle motiv rundt han.

Konkret poesi eller figurdikt

☞ *Konkret poesi* eller *figurdikt* er ei retning innanfor lyrikken som kom til Noreg med Profil-forfattarane. Her er dei typografiske kvalitetane ved diktet like sentrale som meininga i orda – ja, typografien er meiningsberande for diktet. Eit eksempel er Volds diktsamling *Mellom speil og speil* (1965). Her finn ein eit dikt som grafisk speglar seg i seg sjølv, og eit som er sett opp som eit yin og yang-symbol. I begge dikta er forma meiningsberande, forma tyder noko for tematikken i diktet.

·
av meg
selv steget ut
har jeg murt meg selv inne
bak gulv tak og vegger av speil
som slynger speilbilders
bilder tilbake
mot meg
·

Jazz & poetry

☛ I den nyenkle lyrikken ligg vekta i mindre grad på dei språklege bileta, og i større grad på dei klanglege og formelle sidene ved diktet. Vold leikar med lydar og ordklanger, og vektlegginga av rytmen, klangen og musikaliteten i diktet har ført til at mange av Volds dikt eignar seg godt til munnleg framføring.

☛ Forfattaren er sjølv ein framifrå formidlar av eigen, og andres, lyrikk gjennom opplesingar eller framføring av dikt akkompagnert av musikk. Han har mellom anna sam-

arbeidd med saksofonisten Jan Garbarek (1947–). Med dette samarbeidet innførte han sjangeren jazz & poetry – jazz og poesi – i Noreg. *Briskeby blues* (1969) og *ingenting's bjeller* (1977) er kritikarroste album der Vold samarbeider med nettopp Garbarek. Vold har også samarbeidd med trompetisten Chet Baker (1929–1988) og pianisten Egil Kapstad (1940–).



På Notodden bluesfestival med musikaren Kåre Virud.
Foto: Alf Øystein Støtvig / VG / Scanpix

